

Bjødnebakken.

Her vart Hans Andersson Vadlavik (Haugse) drepen av bjørn 10. Oktober 1858. Historien vart ikkje nedskriven før 100 år etter tragedien. Etter så mange års muntlege overleveringar er det naturleg at me finn mange små variasjonar i detaljane kring hendinga. Men dette står fast: Hans Andersson vart drepen av bjørn og Guro fekk livsvarige mein. Eit unntak finst likevel: Trond Sjursson Haukanes (1840-1922) skriv dette i "Natur, folkeliv og folketro i Hardanger" 1.-3. del 1884/85: "Manden var en søndag ettermiddag paa sin hjemmemark og plukkede nødder, da han pludselig blev overfalden av den store bjørn, bidt og oppreven og ilde tilredt og døde straks derefter."

Hans og svigerdottera Guro var denne sundagen ute i Skårane for å henta neter. Komne ut til plassen som seinare vart heitande Bjødnebakken råka dei beint på bjørnen. Han låg og åt på ein sau han nett hadde drepe. Som normalt i slike høve vil bjørnen forsvara sitt bytte, han gjekk kontant til angrep. Naturleg nok gjekk Hans i front for ho Guro. Hans vart slegen og kraftig skambiten før han kom på at han skulle leggja seg som han var dau. Bjørnen gjekk då til side for å grava ei hole til sin siste fangst. Med store skadar og med sine siste krefter rulla Hans seg nedover bratthenget til øvsta-Jerike. Gardsfolket fann han her og bar han heim i ein kvitle. (ullteppe) Truleg døydde han dagen etter. Noko av det siste han sa var: "Hadde eg hatt Amerika-øksa med meg skulle eg jammen ha klart meg." Kyrkjeboka viser at han døydde 11. Oktober 1858 og vart gravlagd den 18. Dødsårsaka er her skriven slik: "Blev sønderreven af en bjørn." Guro sprang heim med melding. På veggen datt ho og braut omliden. Dette grodde skeivt saman og var til plage resten av livet. Men enno alvorlegare var den støkken ho Guro fekk. På den tid var det ålment kjendt at bjørnen var serleg ute etter ufødde foster. Guro var gravid i 7. mnd med sin førstefødde Hans Andersson Haugse (1858-1906).

Truleg var dette den vidgjetne "Folkabjødnen" som herja i bygdene her på denne tida, både mot folk og fe. Dei rekna med at det var denne som vart teken på sjølvskot noko seinare. Han vart hardt såra, blodvegen fylgde dei lenge, men fann han ikkje før året etter i Lurvelia-Troppefjellet.

Mor, Anna Almås (Haugse) var 10 år då Guro døydde. På den tid var det 7 born på øvsta-Haugse og 5 på nesta-Haugse. Mor fortalde at ungane fekk streng beskjed om å ikkje nevna ordet bjørn med ho Guro. Hørde ho det ordet vart ho hysterisk. Veldig naturleg at ei så dramatisk hending set varige spor. Det kan vel samanliknast med ein krigsskade, der seinverknadane kan koma lang tid etter ei så alvorleg oppleving.

Til ettertanke: Er det rett at eit så stort rovdyr skal gå fritt i skogane våre, skapa så mykje frykt mellom så mange, redusera turglede og næringsgrunnlag for dei som bur i distriktet og forvaltar eit bjørneområde?

Olav S Haugse.